

## Vedtekter for Vindkraftforum Sogn og Fjordane

### § 1 Føremål

Vindkraftforum Sogn og Fjordane er ein frittstående og sjølvstendig interesseorganisasjon som har som overordna mål å sikre utbygging og drift av vindkraft onshore og offshore i Sogn og Fjordane, med størst mogeleg tilhøyrande verdiskaping i vårt fylke.

### § 2 Medlemsskap

Verksemder, organisasjonar, kompetanse- og utdanningsinstitusjonar, regionale utviklingsaktørar, finansinstitusjonar, offentlege instansar og privatpersonar som deler synet på formålet til Vindkraftforum Sogn og Fjordane kan takast opp som medlemmer. Nye medlemmer skal godkjennast av styret.

### § 3 Røysterett og val

Alle medlemmer har røysterett, og styremedlemmer og tilsette i medlemsverksemder kan veljast til tillitsverv i Vindkraftforum Sogn og Fjordane.

### § 4 Økonomi og årskontingent

Vindkraftforum Sogn og Fjordane si verksemd er basert på årskontingent frå medlemmene, og tilskot frå desse.

Årskontingent for medlemskap i Vindkraftforum Sogn og Fjordane vert fastsett av årsmøtet. Vindkraftforum sin rekneskap skal reviderast av offentleg godkjend revisor.

### § 5 Årsmøte og halvårsmøte

Årsmøtet er høgaste organ for Vindkraftforum Sogn og Fjordane, og skal haldast kvar haust. I tillegg skal det haldast halvårsmøte kvar vår.

Sekretariatet skal sende ut innkalling til årsmøtet med minst 1 månads varsel direkte til alle medlemmane. Førebels sakliste, årsmelding og rekneskap skal sendast ut ved innkallinga. Forslag som skal takast opp på årsmøtet skal vere motteke av sekretariatet seinast 2 veker før årsmøtet. Endeleg sakliste skal vere tilgjengeleg for medlemmane seinast 1 veke før årsmøtet.

Røysterett føreset betalt årskontingent. Kvar medlemsverksemd, -institusjon, -organisasjon og privatperson har ei røyst, men kan la seg representere av andre medlemmer ved skriftleg fullmakt.

Med unntak av saker som er omfatta av §§ 9 og 10, vert alle saker avgjort med vanleg fleirtal. Årsmøtet er vedtaksført med det tal på røysteføre medlemmer som møter.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast etter vedtak, eller dersom 1/3 av medlemane krev det. Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame saker som møtet er kalla inn for.

### **§ 5.1 Oppgåver for årsmøtet**

Årsmøtet skal:

1. Handsame årsmeldinga for Vindkraftforum Sogn og Fjordane
2. Handsame innkomne forslag
3. Fastsetje årskontingent
4. Velje styre, styreleiar og valnemnd

## **§ 6 Sekretariat for Vindkraftforum Sogn og Fjordane**

Sekretariatet skal vere sekretær for styret med oppgåve å førebu saker til styremøta og årsmøte, sende ut innkalling og skrive referat frå styremøta og årsmøta. Vidare skal sekretariatet førebu årsmelding, fylgje opp vedtak i styret som organisere og setje i gang prosjekt, oppdatere informasjon/innhald på nettside, informere og halde kontakt med medlemane. Økonomistyring for organisasjonen er òg lagt til sekretariatet. Sekretariatet skal ikkje ha oppgåver knytt til gjennomføring av prosjekt.

Sekretariatsoppgåvene skal lysast ut som offentleg tilbod for 2 år av gongen, med opsjon for årleg forlenging. Totalt kan avtala gjelde for 4 år.

## **§ 7 Styre**

Styret skal ha 5 medlemmer med personlege varamedlemmer oppnemnt av årsmøtet. Styret bør vere balansert samansett med omsyn på kjønn og bransjetilknytnad. Styreleiar skal veljast av årsmøtet.

Styret er vedtaksført dersom minst 3 av styremedlemene eller varamedlemene til styret er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av avgjevne røyster. Ved røystelikheit tel styreleiar si røyst dobbelt.

Styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for eitt år av gangen, og kan attveljast på påfylgjande årsmøte.

Det vert ikkje utbetalt godtgjersle for styreverv i Vindkraftforum Sogn og Fjordane.

### § 7.1 Oppgaver for styret

1. Styret skal utforme strategi for Vindkraftforum Sogn og Fjordane og prioritere aktiviteter og prosjekt som skal gjennomførast.
2. Styret skal vurdere og opprette fagutval for særlege oppgaver. Fagutvala skal arbeide sjølvstendig i samarbeid med sekretariatet og sluttrapportere til styret.
3. Styret skal føre naudsynt kontroll med økonomien i Vindkraftforum Sogn og Fjordane.
4. Styret skal inngå avtale for sekretariatet i samsvar med råmene i § 6.
5. Styret skal saman med sekretariatet representere Vindkraftforum Sogn og Fjordane utad.

### § 8 Valnemnd

Årsmøte vel ei valnemnd på tre medlemmer. Medlemene vert valde for 3 år, slik at første medlem går ut kvart år, første gongen etter loddtrekking. Årsmøtet vel leiar for 1 år. Valnemnda førebur alle val og sender framlegget til styret seinast ei veke før årsmøtet.

### § 9 Vedtektsendringar

Endringar i vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte, og må stå på saklista. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene. Framlegg til vedtektsendring skal gjerast kjent for medlemmane samstundes med innkalling til årsmøtet.

### § 10 Oppløysing

Oppløysing av Vindkraftforum Sogn og Fjordane kan berre handsamast og vedtakast på ordinært årsmøte. Dersom oppløysing vert vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 3 månadar seinare. For at oppløysinga skal gjennomførast må vedtaket stadfestast med minst 2/3 fleirtal. Årsmøtet avgjer korleis organisasjonen sine midlar skal disponerast etter oppløysing